

Ein ressurs for Biltema

Birgit Hagen hadde samarbeidd med VINN i nærare seks månader før ho fekk tilbod om utprøving på Biltema. Det fungerte så bra at ho i dag er fast ansatt i 50% stilling.

TEKST OG BILETE: LIV TORUNN TORPE

- Me har hatt eit samarbeid med VINN i nærare tre år no. Me tek folk inn på utprøving og utplassering. Derfor var det enkelt å seie ja, når dei spurde om ein plass til Birgit, seier Rolf Lien Blakkestad, leiar Biltema Gol.

- Birgit har berre ei begrensing, og det er kor mykje ho kan jobbe. For oss så er ho blitt ein ressurs me set stor pris på, fortset han. Dette fekk Birgit skriftleg for seks månader sidan. Då vart ho fast ansatt. Det gjekk berre ein måned på utprøving, for Biltema skjønte at Birgit måtte dei berre behalde.

- Me jobbar i eit mannsdominert miljø, og når Birgit kom inn her, var det som eit friskt pust. Ho er med på å halde arbeidsmiljøet oppe, meiner Rolf.

- Eg trivs veldig godt her, og gler meg til eg skal på jobb, fortel Birgit. Ho føler sjølv ho får påfyll av energi av å gå på jobb. Arbeidsmiljøet er veldig bra, og jobben passar henne godt. - Eg gir 110% her, for når eg er på jobb, er eg veldig på jobb, innommer ho.

- I arbeidslivet i dag, blir ofte dei med begrensingar nedprioritert i ein stor søknadsbunke. Men med det samarbeidet me har med VINN, får desse personane kome inn her og vise kva dei faktisk duger til. Det er veldig positivt. VINN har også behov for å kartlegge kva som passar for den enkelte, og då er det greitt at dei har nokre plassar å velje mellom. Me har hatt fleire her nede, og det har vore positive utkomme av det, informerer Rolf. Her ser ein både begrensingar og res-

sursar, i tillegg til at ein ser på korleis ein best kan bruke dei sterke sidene sine.

- Med dei erfaringane me har på utplassering og utprøving, vurderer me absolutt å ta inn fleire. Men ei slik sjeldan blome som Birgit, får me nok ikkje fleire av, smiler Rolf

- Birgit har vist oss at ho er ein fullverdig arbeidstakar. Ho er flink med kundane, held god orden på avdelinga si, og er effektiv. Og så er det rygggrad i denna dama, ler Rolf. Ho veit kva ho vil, og er ærleg på det.

Rolf fortel at som sjef er tankegangen at er du grei, er me greie, sjølv om me forlangar ein del av dei som jobbar her. Men slik skal det også vera.

- Med å ta inn Birgit her, vart det ein vinn vinn situasjon. Ho gler seg over å få jobbe her, og me gler oss over å ha ho her. Me merkar når folk trives hjå oss, seier han.

På dette halve året Birgit har vore hjå Biltema, har ho rekt å bli både verneombod, vere med i brannvernet og ta truckførarbevis. Ho har også fått eige ansvarsområde, som er heim og teknikk. Dette viser kor engasjert ho er i jobben sin. Men det viser også kva slags tillit Biltema har til henne.

Biltema har mange moglegheiter for dei som vil bygge meir kompetanse. Birgit ser ikkje vekk i frå at ho etterkvart vil sjå på dei moglegheitene.

- Draumen min er at eg ein dag er frisk nok til å jobbe 100% for Biltema, avsluttar Birgit.



Kundebehandling: - Birgit har eit godt forhold til kundane, og er alltid smilande og blid, fortel Rolf Lien Blakkestad, leiar Biltema Gol. (Karen bak disken er utlånt frå Valdres Biltema og heiter Ørjan Stenseter)

En spennende reise gjennom 25 år

Ved starten av VINN i mai 1989 var utgangspunktet HVPU reformen. Institusjonene for psykisk utviklingshemmede skulle legges ned og det hadde vært jobbet lenge for å få til arbeidsarenaer som skulle erstatte dagtilbudet.



Vi har fra første stund siden VINN ble etablert, hatt stort fokus på arbeid samt rettigheter og plikter som ellers i arbeidslivet. Det var den gang ingen krav i forhold til å dokumentere arbeidet vårt.

Vi samarbeidet med Aetat (nå NAV), men det tok noe tid før Aetat tok oss på alvor i forhold til at vi var en del av arbeidslinjen. Vi hadde 20 plasser som fordelte seg på 2 avdelinger, en i Gol og en i Hol.

Utviklingen har vært enorm fra den gangen. Gruppen har endret seg stort. I dag gir vi tilbud til alle personer som har et behov for tilrettelagt arbeid, eller behov for å få klarlagt/kartlagt videre muligheter i arbeidslivet.

Kravene og forventningene fra NAV er store i forhold til kvalitetssikring, dokumentasjon og rapportering og vi samarbeider tett med etaten. Alle skal ha en plan for utvikling og vekst og fokuset er hvilke muligheter den enkelte har for jobb i det ordinære arbeidslivet.

Det har vært en spennende reise å være med på. Fra starten med 20 arbeidstakere og 4 arbeidsledere som var fast ansatt, til i dag å betjene mellom 120 og 140 personer pr år og være 17 ansatte.

Jeg vil gi jublanten de hjerteligste gratulasjoner og ønske lykke til med utvikling og vekst i minst 25 nye år.

Solbjørg Bergum,
ansatt i VINN siden 1989



Ressurscenter i Hallingdal for tilrettelagt arbeid og opplæring

